



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/695 - 16/8654

Saksbehandlar:  
Øyvind Oddekalv  
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

02.05.2016

## Gjeld rundkjøringa på Mjåtveit i Meland kommune og veglys

Rundkjøringa på Mjåtveit på fylkesveg 564 i Meland kommune vart etablert for nokre år sidan. Denne rundkjøringa har medført at trafikkavviklinga i dette svært kompliserte krysset, det er ei rundkjøring med 5 armar, har vorte mykje betre.

Men, eit problem med rundkjøringa er at uansvarlege bilførarar kjører rett gjennom, og unnlet å svinge i rundkjøringa! Dette har vore eit problem frå starten, men har gjerne auka i seinare tid. Ein kan m.a. lese om dette i avisa Strilen sitt oppslag frå mars 2016, <http://www.strilen.no/nyheiter/Tek-snarvegen-i-rundkjoringa-444495.html>.

Meland formannskap diskuterte dette problemet, som eigentleg er ei politisak, i møtet vi hadde 20. april 2016. Ordføraren vart oppmoda om å ta dette problemet opp med Statens vegvesen, og høyre om det er nokre tiltak som kan gjerast med dette. Vi tenkjer i første rekkje om det er mogleg å iverksetje fysiske tiltak. Rundkjøringa er, samanlikna med mange andre, veldig låg. Fysiske sperrer kan gjerne vere høgare kant, ev. plantar/busker som kan fungere som fysiske hindringar.

### Veglys

Eg vil samstundes takke for svaret på brevet eg sende i mars om manglande veglys i samme område. Veglys, dvs. manglande veglys, er noko om innbyggjarane i Meland er opptatt av. Ikkje til å bli forundra over, sidan dette utfordrar trafikktryggleiken, spesielt i mørke haust- og vintermånader.

Eit vegstrekk som har vore utan veglys i lengre tid er på fylkesveg 564 på Hjertås, ved FRAMO Holsnøy sitt anlegg mellom Orrhøyen og Fløksand. I følgje tilbakemeldingar har dette strekket knapt hatt lys i løpet av vinteren og det blir samstundes hevda at det har vore problem med veglysa her sidan dei vart sette i drift. Det bør ikkje vere regelen at fylkesvegar er utan veglys over lengre tid, og vi ber om at dette vert reparert.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Øyvind Oddekalv  
Ordfører

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER